



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 20.06.2022
Vår ref: 19/02179-28
Deres ref:

Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Kvålsgrend pukk i Tokke kommune. Tiltakshavar: Kvålsgrend Pukk AS.

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknader om driftskonsesjon datert 15. april 2019 og 20. august 2021 frå Kvålsgrend Pukk AS med organisasjonsnummer 985 512 159.

1. Tildeling av driftskonsesjon

DMF tildeler Kvålsgrend Pukk AS, org.nr. 985 512 159, heretter kalla «tiltakshavaren», driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av fast fjell i Kvålsgrend pukk på del av eigedomen med gards- og bruksnummer (gnr./bnr.) 69/1 i Tokke kommune. Mineralførekomsten høyrer til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 63 dekar (daa) og går fram av kart med tittelen «Konsesjonsområde Kvålsgrend pukk i Tokke kommune» produsert ved DMF 30. august 2021, vedlegg 1 og 2. Området er i reguleringsplan med PlanID 20070005, regulert til steinbrot.

Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving. Tiltakshavaren er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve. Vi viser til minerallova § 5.

2. Vilkår for driftskonsesjonen

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

2.1. Driftsplan

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.



DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

2.2. Økonomisk sikkerheit

Tiltakshavaren blir pålagt å stille økonomisk sikkerheit med NOK 1 290 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein bankgaranti for eit grunnbeløp på NOK 325 000, og deretter årlege avsetjingar til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at tiltakshavaren ikkje kan råde over kontoen på noko vis, begge deler som skildra i punkt 5.11.

Før drifta startar skal tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, vedlegg 4;
- (ii) lagt fram påkravsgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande, vedlegg 5;
- (iii) etablert pantet til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6, vedlegg 6.

2.3. Bergteknisk ansvarleg

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

2.4. Andre vilkår

DMF gjer merksam på at ein driftskonsesjon gjeven etter minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgjeving.

Før oppstart av drift, skal konsesjonsgrensa for massetakett settast ut eller markerast i terrenget, slik at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.

Tiltakshavar påleggast fylgjande vilkår knytt til vedtakets punkt 5.7 om naturmangfald:

- Tiltakshavar påleggast fylgjande vilkår for å ivareta eventuell førekomst av raudlista naturtypar og organismar i skogen i sørvestre del av konsesjonsområdet, :
 - Tiltakshavar skal engasjere biolog som skal kartlegge førekomsten av dei ovannemnte artane. Aktuell metode er naturtypekartlegging etter Miljødirektoratet sin instruks (NiN).
 - Dersom kartlegginga avdekkar slik førekomst, skal det utarbeidast risikovurdering og tiltaksplan av biolog eller tilsvarande.
 - Kopi av kartlegginga, risikovurderinga og tiltaksplanen skal sendes DMF utan ugrunna opphald.
 - Tilseier kartlegginga, risikovurderinga eller tiltaksplanen at driftsplanen, under dette òg avslutningsplanen, må endrast i vesentleg grad, skal forslag til endra versjon sendes DMF for godkjenning snarast.
- For å ivareta terrenget langs vassdraget på sørvestsida av konsesjonsområdet, påleggast tiltakshavar fylgjande vilkår:
 - Intakt terreng langs vassdraget oppretthaldast slik at det mot dette held fram med å vere eit vegetasjonsbelte på fem meters breidde.



Merknad: Dersom tiltakshavar ønsker å foreta inngrep i kantsona/vegetasjonsbeltet, må det søkast dispensasjon frå Statsforvaltaren, jf. vassressurslova § 11 tredje ledd. DMF ber i så tilfellet om å bli heldt orientert om dette.

- For det tilfellet at driftsplanen må endrast i vesentleg som følgje av dette, skal oppdatert versjon sendes DMF for godkjenning.

3. Godkjenning av driftsplan

DMF godkjenner driftsplanen for Kvålsgrend pukk. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket.

4. Høyringsfråsegner med kommentarar frå DMF

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos desse høyringsinstansane: Tokke kommune, Vestfold og Telemark fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet, NVE Region Sør, Mattilsynet, Statens vegvesen, samt andre høyringsinstansar slik det kjem fram av adresselista til høyringsbrevet og adresselista til dette vedtaksbrevet.

Høyringsperioden var frå 29. oktober 2021 til 29. november 2021.

Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark:

Høyringsmottakaren viser til at reguleringsplanen for uttaket er gamal og at den i følgje føresegna, ikkje er gjeldande i dag. Videre viser Statsforvaltaren til at deler av planområdet som er regulert til landbruk, er tatt i bruk som massetak.

Angående DMF sine treff på raudlisteartar, påpeiker Statsforvaltaren at disse ikkje er gjort inne i sjølve konsesjonsområde og at dei ikkje har særleg viktige livsmiljø i uttaksområdet. Her visast det til at ulv har eit stort leveområde og at dette primært er i Innlandet og Viken fylke, slik at ein kan gå ut i frå at ulv normalt ikkje finst i konsesjonsområdet. Kva gjeld grisøyrengviklar, påpeiker høyringsmottakaren at denne arten er knytt til planten flekkgrisøyre som veks i artsrike enger som slåtteeng. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det er slike artsrike enger i konsesjonsområdet.

På den annan side, påpeiker høyringsinstansen:

«Når det gjeld andre naturkvalitetar er det etter vår vurdering mogleg at skogen i sørvestre del av konsesjonsområdet kan vere levestad for m.a. raudlista sopp knytt til eldre barskog. Av reguleringsplankartet går det fram at dette arealet er «kalkfjell». Dersom dette stemmer kan heile eller delar av dette arealet vere dekt av den raudlista naturtypen kalkgranskog eller andre raudlista naturtypar. Dette er ikkje nærare vurdert i samband med reguleringsplanen.

Naturmangfaldlova som ble vedteken i 2009 stiller spesifikke krav til vurderingar av naturmangfald og synleggjering av korleis ulike interesser



(under dette òg naturmangfald) er voge som grunnlag for offentlege vedtak om arealbruk mm. Reguleringsplanen ble utarbeidd før naturmangfaldlova blei vedteken. Lovverk knytt til konsekvensutgreiingar er òg endra sidan reguleringsplanen blei vedteken. Nye lovverk har i sum ført til at det er heilt andre krav til innhenting av kunnskapsgrunnlag, og synleggjering av kva vurderingar som er lege til grunn, for vedtak om arealbruk nå i 2021 enn det var i 2004 då reguleringsplanen blei vedteken.

Vi meiner det er sannsynleg at det finst framande planteartar i pukkverket, jamvel om slike ikkje er kjent frå området per i dag. Vi minner om at forskrift om framande organismar inneheld føresegner som stiller krav til aktsemd, mellom anna for den som set i verk tiltak som kan føre til utilsikta spreiding av framande organismar i miljøet (§ 18 i forskrifta), samt føresegner som gjeld flytting av lausmassar som kan innehalde framande organismar (§24-4 i forskrifta). Desse føresegnene kan vere særleg relevante ved drift av pukkverk og andre typar massetak, der det ofte er mellombels lager av jord og andre lausmassar som kan innehalde framande planteartar.

På sørvestsida av konsesjonsområdet renn eit mindre vassdrag, som på det næraste er under tre meter frå konsesjonsområdet. Delar av konsesjonsområdet kan difor definerast som kantsone langs vassdraget. Vassressurslova (Lov om vassdrag og grunnvann) inneheld føresegner som gjeld tiltak i vassdrag. § 11 i lova stiller krav om at det skal oppretthaldast eit begrensa naturleg vegetasjonsbelte. Breidda på dette beltet kan fastsetjast i rettsleg bindande plan etter plan- og bygningslova, men etter det vi kan sjå er ikkje dette fastsett korkje i føresegnene til reguleringsplanen, eller føresegnene til kommuneplanens arealdel for Tokke kommune. I slike høve må tiltakshavar søkje om dispensasjon frå denne føresegna for å kunne gjere inngrep i kantsona. Det er Statsforvaltaren som er mynde etter desse føresegnene.

Våre råd

For tilhøvet til framande organismar og våre framlegg til vilkår, syner vi til vår uttale til driftskonsesjon for Freste Pukkverk (dykkar ref 21/01064-10). Dei same vilkåra vil vere aktuelle i denne saka, på grunnlag av at det kan forventast at det finst framande organismar i konsesjonsområdet.

Vi oppmodar Dirmin til å stille vilkår om nærare undersøkingar av naturkvalitetar i sørvestre del av konsesjonsområdet, sidan dette ikkje er undersøkt i samband med reguleringsplan, og på bakgrunn av at dette ut frå tilgjengelege opplysningar kan vere eldre skog på kalkrik grunn. Om slike undersøkingar ikkje blir gjennomført kan det hende at saka ikkje vert tilstrekkeleg opplyst jfr forvaltningslova § 17. Det bør ikkje gjevast konsesjon for massetak på eventuelle areal med høg naturverdi, til dømes som levestad for truga artar. Aktuell metode er naturtypekartlegging etter Miljødirektoratet sin instruks (NiN).

Vidare bør Dirmin stille vilkår om ivaretaking av intakt terreng og kantvegetasjon i ei viss breidde langs vassdraget som går langs sørvestre kant av konsesjonsområdet, eventuelt at uttak i dette arealet ikkje er tillate før det



ligg føre ein ny reguleringsplan som konkret opnar for dette gjennom at planen fastset breidde på kantsona. (...)».

DMF sine kommentarar:

DMF er klar over at reguleringsplanen er gamal. I etterkant av høyringsrunden har vi motteke dokumentasjon på at kommunen den 14. januar 2022, fatta vedtak om å forlenge reguleringsplanen med 10 år, fram til 31.12.2031.

Angående fråsegna om at tiltakshavar har teke i bruk området som er regulert til landbruk, visast det til at tiltakshavar ikkje har hatt konsesjon tidlegare. Konsesjonen som gis ved dette vedtak, er i samsvar med reguleringsplanen og gjelder berre for området som regulert til massetak. Konsesjon gitt av DMF erstattar ikkje krav om tillating etter mellom anna plan- og bygningslova, jf. minerallova § 5.

DMF har merket seg Statsforvaltarens fråsegn om ulv og grisøyreengviklar.

Statsforvaltarens fråsegn ble oversendt tiltakshavar. I e-post av 28. januar 2022, uttalte tiltakshavar til DMF at det skal gjerast fylgjande tiltak for ytre miljø:

«Utslipp til luft.

- Det brukes vann til støvdemping under produksjon.
- Veier og lagerplasser blir vannet og/eller behandlet med støvdempende midler ved behov.

Utslipp til vann.

- Det etableres avskjærende grøfter, slik at ikke overvann kommer inn på produksjon/lagerområder.
- Prosessvann/regnvann som ikke dreneres i grunnen, samles i sedimentasjonsbasseng hvor ev. sedimenter avleires før rent vann renner videre.

Ved lagning av sedimentasjonsbasseng kan man «grave opp ei lita grop på et sted hvor vannet naturlig samler seg». Sjekker dette ved nedbør og lager flere ved behov. Kan ev. legge en liten pukkestreng nederst som vannet kan renne igjennom.»

DMF ber tiltakshavar merke seg §§ 18 og 24 (4) i forskrift om framande organismar som inneheld krav til tiltakshavar for å sette i verk tiltak som skal hindre utilsikta spreining av framande organismar.

Sjå dette vedtakets punkt 5.7 for vilkår angående fråsegna om raudlista naturtypar, samt vassdraget på sørvestsida av konsesjonsområdet

Mattilsynet:

«Vi forventer at det er/blir gjennomført en systematisk kartlegging av alle drikkevannsførekoster i nærheten av området som skal brukes til steinbrudd. Dette er viktig for å kunne sikre kildene mot forurensning under etablering, i driftsperioden og i senere aktivitet i området.

Mattilsynet anbefaler ut fra regelverket at fare for forurensning av drikkevann blir utredet og vurdert særskilt i behandling av søknaden.»

DMF sine kommentarar:



Mattilsynet sitt utsegn ble oversendt tiltakshavar for kommentar. Vedrørende drikkevatt har tiltakshavar i e-post av 2. mai 2022, uttalt at forureining av drikkevatt ikkje er relevant da det er lang avstand mellom uttaket og drikkevattnet som ligg ved Mjåvatn. I tillegg visast det til at vatnet ligg mykje høgare enn pukkverket.

DMF minner tiltakshavar om at det er forbode å drive forureinande verksemd utan tillating, også for forureining av drikkevatt, jf. drikkevassforskrifta § 4. Fråsegnen tas etter dette til etterretning.

Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA):

Radon

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) opplyser i høyringsbrevet at uttaket det søkaste konsesjon for ligg i eit område med usikker risiko for radon. Radon er ein radioaktiv gass som i inneluft gir ein auka risiko for lungekreft. Massar som inneheld eit auka innhald av naturleg førekomande radioaktive stoff (uran/radium) kan føre til høge radonnivå i inneluft dersom massane brukast under og rundt bygningar. DSA har sett ein anbefalt grenseverdi med ein tilhøyrande målemetodikk for massar som skal brukast i tilknytning til bygg. Vi anbefalar produsentar og kundar om å dokumentere og etterspørje dokumentasjon på låge uran-/radiumverdiar for massar som skal nyttas i tilknytning til bygg. Sjå rettleiing: https://dsa.no/publikasjoner/_attachment/inline/9e2e09f2-703e-4ae1-96ec-2154b5903dab:fa0523da2a12e466838d906d0aea6fa3bee2c298/StralevernInfo_6-15.pdf

Utslepp av radioaktive stoff og radioaktivt avfall

DSA kan ikkje ut frå den oversendte informasjonen sjå om det vil førekome utslepp av naturleg førekomande radioaktive stoff frå verksemda. Grenseverdiar for utslepp som alltid krev løyve frå DSA finnas i forskrift om forurensningslovens anvendelse på radioaktiv forurensning og radioaktivt avfall vedlegg II. Dersom det vil førekome utslepp av naturleg førekomande radioaktive stoff over grenseverdiene må verksemda søke DSA om løyve. Forskrift om forurensningslovens anvendelse på radioaktiv forurensning og radioaktivt avfall vedlegg I a inneheld også grenseverdiar for kva som vert definert som radioaktivt avfall. DSA har elles ingen kommentarar til søknaden.

DMF sine kommentarar:

DMF ber tiltakshavar merke seg DSA sitt fråsegn, særleg om søknadsplikten dersom utslepp av naturleg førekomande radioaktive stoffar går over grenseverdiene i forureiningsforskrifta.

Tokke kommune:

Me er positive til søknaden om vidare driftskonsesjon, men vil minne om at reguleringsplanen må oppdaterast/ søkjast vidareført. I følgje føresegner til planen, gjeldt den til 04.01.2015.

8. Reguleringsplanen med føresegner skal gjelde for 10 år. Den kan reviderast ved behov undervegs, og også forlengast.

Revidera: 4.1.05

Drifta er godt etablert, og har vore i medhald av både reguleringsplan og godkjent driftsplan. Me ser på forholdet til reguleringsplanen som ei kurant sak, men ber om at det blir sendt inn søknad om forlenging, slik at vedtekne vilkår i planen blir følgd opp.

DMF sine kommentarar:

DMF har merka seg kommunens utsegn og har i etterkant motteke dokumentasjon på at kommunen den 14. januar 2022, fatta vedtak om å forlengje reguleringsplanen med 10 år, fram til 31.12.2031.



Magnar Åmot og Ivar Åmot:

Viser til høyringsbrev datert 29.10.21. Som grunneigerar, nabo og bebuar nær tilkomstveg til masseutak ynskjer me å koma med innspel til søknad om driftskonsesjon for Kvålsgrend Pukk i Tokke kommune.


Reguleringsplan er revidert sist i 2005, og det står i punkt 8 i reguleringsplan for del av Kvåle, gnr. 69, bnr. 1 at reguleringsplan skal gjelde for 10 år. Set difor eit spørsmål ved om den må reviderast på ny. Vidare viser me til punkt 1.2.2, samt vedlegg 03 som omhandlar næraste naboar. Ivar Åmot som er grunneigar av Haukomsmoen 65/6 og som er ein av dei næraste naboane til pukkverket er ikkje nemnt.

Massetaket medfører ei stor trafikkauke på tilkomstveg. Tunge køyretøy i tilknytning transport til og frå massetak har også høg fart. Det går utover sikkerhet med tanke på barn og andre mjuke trafikantar. Tungtrafikken medfører også forureining både i form av støv og støy. Som bebuar nær veg har det blitt observert køyring seint om kvelden og på upassande tider, i vekedagar og helger. Stiller spørsmål til regulering av tider for inn- og utkøyring. Det har fleire gonger blitt forsøkt å gje teikn til å senke farten, utan verknad. Det er i stor grad ein negativ belastning for oss som bur i området.

I området pukkverket er lokalisert, stiller me også spørsmål til om det er tatt omsyn til avrenning frå massetak til nærliggande bekk (sjå raud markering på vedlagt kart). Likeins stiller me spørsmål til sikring av høg skrent, vist som blå markering på kartet. Boring av fjell har skjedd på kveldstid etter klokka 22.00, dette har òg skjedd søndagar. Det blir ikkje varsla om sprengning.

Me stiller òg spørsmål om mobilt asfaltverk. Dette blei satt opp vår/sommar 2021. Dette utan at naboar har fått varsel. Me finn ikkje opplysningar knytt til varighet, mengde og køyretider.

Me er bekymra for framtida og om det blir meir eller mindre eit industriområde. Masseuttaket og tilhøyrande aktivitet er særleg belastande for grunneigar av Haukomsmoen.



Med venleg helsing

Magnar Åmot

Ivar Åmot

DMF sine kommentarar:

Kva gjeld revidering av reguleringsplanen, vises det til at reguleringsplanen er forlenga med 10 år, fram til 31.12.2031, sjå vår kommentar til kommunens høyringsinnspel ovanfor.



Angående omtale av Ivar Åmot i driftsplanens punkt 1.2.2 og vedlegg 3, gjer DMF tiltakshavar oppmerksom på at det må takast omsyn til Ivar på lik linje med naboane elles. Det påpekast i denne samanheng at Ivar Åmot eig heile eigendommen med gbnr. 65/6, og er ein av dei nærmaste naboane til uttaket.

DMF ber tiltakshavar merke seg høyringsmottakarens fråsegn når det gjeld trafikken på tilkomstvegen. Det leggst til grunn at tiltakshavar, på lik linje med trafikantar elles, fylgjar trafikkreglane som gjeld til ei kvar tid. Vidare visast det til vegtrafikklova § 23 om førarens plikt til å sørge for at køyretøyets stand og lasting er «forsvarlig og forskriftsmessig».

Fråsegna om støv og støy tas til etterretning. Det er statsforvaltaren som er rette myndigheit for støv og støy. DMF viser til forureiningsforskrifta kapittel 30. Det følger av § 30-4 at tiltakshavar plikter å gjennomføre «effektive tiltak for å redusere støvutslipp fra all støvende aktivitet slik som (...) transport (...)».

Om kvelds- og helgekøyring, visast det til dette vedtakets punkt 2.1, om at tiltakshavar skal drive i tråd med godkjent driftsplan. Dette inneberer at drift skal finne stad måndag til fredag frå kl. 07.00-20.00, sjå vedlegg 3 side 7.

Når det gjeld bekken høyringsmottakaren omtalar, visast det til vedlegg 3 side 6-7 kor det går frem at tiltakshavar, etter tillating frå kommunen, har føretatt bekkelukking for å hindre avrenning til denne. DMF forutsett at tiltakshavar driv i tråd med regelverket i vassressursloven og forureiningslova.

Den omtalte skrenten skal sikrast med midlertidig sikringsgjerde. Dersom uttaket her kjem inn til topp stuff, sjå vedlegg 3 side 27, skal det etablerast sikringshyller og jordvoll i framkant, sjå vedlegg 3 side 31.

Angående manglande varsling ved sprenging, visast det til driftsplanens punkt 2.5 som uttrykker at «Naboar skal varslast når sprengningsarbeid skal utførast». Dette inneber at tiltakshavar pliktar å varsle om sprenging, jf. dette vedtakets punkt 2.1. DMF minner også tiltakshavar om at forureiningsforskrifta § 30-8 uttrykker ein plikt for tiltakshavar til å varsle om når sprenging skal finne sted.

Om mobilt asfaltverk, visast det til vedlegg 3 side 5, kor det er beskrive at bruken av dette avhenger av tilgjengelegheita på god stein. DMF visar til at mobile verksemder «(...) skal skjermes mot innsyn og støy med voller/lagerhauger etter hvert som pukk/masser tas ut», jf. forureiningsforskrifta § 30-3. Vidare minner DMF tiltakshavar om at forureiningsforskrifta kapittel 24 gjeld for mobile asfaltverket som har ein produksjonskapasitet på inntil 200 tonn vegmasse pr. time. Når det gjeld køyretida, visast det til det ovanfor nemnte om at tiltakshavar skal drive i tråd med driftsplanen.

For bekymringa om at det i framtida vil bli eit industriområde, visar DMF til at det er kommunen v/kommunestyrane som er ansvarleg for arealplanlegging, jf. plan- og bygningslova § 3-2. Eventuelle merknadar til vidare planprosess må tas med kommunen som rette myndigheit.

Otto Eilevstjønn, hyttenabo:

Høyringsmottakaren uttalar at det for han som hyttenabo på gbnr. 66/3, er viktig at tiltakshavar følger dei regulerte opningstidene. Eilevstjønn visar til driftsplanens



formulering om driftstid og at den opnar for trafikk hele døgnet. Han meiner det ikkje bør være slik.

DMF sine kommentarar:

Utsegna tas til etterretning. DMF oppfordrar tiltakshavar til å halde seg til den føreslegne driftstida i driftsplanen; måndag-fredag kl. 07.00-20.00, og at det til ein kvar tid takast omsyn til naboane. Det visast her til at det er tiltakshavar sjølv som har føreslått driftstida og at den derfor bør være mogleg å halde.

5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomst på meir enn 10 000 m³ masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønsmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevast driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkjaren er "skikka" til å utvinne førekomsten. Dette inneber at ein skal leggjast vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det òg leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevast konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

5.1 Utvinningsrett

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhøyrer kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekomsten. Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram ein avtale med grunneigaren for gnr./bnr. 69/1, datert 10. august 2021, som dokumentasjon for utvinningsrett.

Avtalen gjev tiltakshavaren utvinningsrett til førekomsten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.

Etter DMF si vurdering har tiltakshavaren utvinningsretten til førekomsten.

5.2 Arealstatus for tiltaket

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 63 daa og går fram av kart med tittelen «Konsesjonsområde Kvålsgrend pukk i Tokke kommune» produsert ved DMF 30. august 2021, sjå vedlegg 1 og 2. Området er regulert til steinbrot i reguleringsplan for «Del av Kvåle, gnr. 69, bnr. 1 Tokke kommune». Ved vedtak av 14. januar 2022, ble reguleringsplanen forlenga med 10 år, fram til 31.12.2031.



5.3 Økonomien i prosjektet

DMF har vurdert årsrekneskapen med styret si årsmelding og notar for dei siste 2 åra. På grunnlag av opplysningane som er gjevne vurderer DMF bedrifta som økonomisk skikka.

5.4 Driftsplan

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer den planlagde brytinga av førekomsten innanfor arealet på 63 dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut er estimert til 450 000 m³. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 11 000 faste m³. Det er planlagt drift i 3 etappar, med uttak av austre del først frå eksisterande brot. Det blir òg presentert ein plan for sikring og avslutting. Planen er å føre brotområdet tilbake til landbruksareal.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Kvålsgrænd Pukk godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstillar dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

5.5 Bergfagleg forsvarleg drift

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemd.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

5.6 Søkjaren sin kompetanse for drift av førekomsten



I vurderinga av om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkjaren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Bjarne Lofthus som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifta.

I tillegg har søkjaren opplyst at desse personane med teknisk kompetanse arbeider i føretaket: Anne Grete Lofthus, Bjørn Olav Lofthus.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.

5.7 Miljøkonsekvensar av utvinninga

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon, skal det leggast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne.

Det finst ein reguleringsplan for uttaket, forlenga i delegert vedtak 21/1 til 31.12.2031.

Kulturminne

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i eller i nærleiken av uttaksområdet. DMF påminn likevel om den generelle varslingsplikta i kulturminnelova § 8.

Biologisk mangfald – vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12.

Reguleringsplanen, høyringsfråsegner og egne søk i Naturbase og Artskart (gjennomførte den 25. oktober 2021) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden.

Ved søk i Artsdatabanken har DMF fått treff på kritisk og sterkt trua arter ved uttaksområdet. Dette gjeld *ulv* og *grisøyrengviklar*.

I sitt høyringsfråsegn visar Statsforvaltaren til at det sidan reguleringsplanen ble utarbeidd, har trådd i kraft nye regelverk som stiller krav til vurderingar og omsyn som skal vektleggast ved inngrep i naturen. DMF er ikkje kjent med at krava i dei nye regelverka er vurdert i anledning uttaket.

Sjølv om det er gjort treff på ulv og grisøyrengviklar ved uttaksområdet, har ingen av desse særleg viktige livsmiljø i uttaksområdet. DMF vurderer derfor at det ikkje er relevant å vektlegge innverknad på desse artene i forbindelse med behandlinga av konsesjonssøknaden. Vurderinga er i tråd med Statsforvaltaren si fråsegn.



Uttak av massar som søkt om vurderast dermed ikkje å være i konflikt forvaltningsmålet for kjente naturtypar og økosystem gitt i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for arter i naturmangfaldlova § 5.

Av omsyn til føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9, finn derimot DMF at det – i tråd med fråsegna frå Statsforvaltaren, bør stillast vilkår for ivaretaking av *eventuell førekomst av raudlista naturtypar og organismar* i skogen i sørvestre del av konsesjonsområdet.

Statsforvaltaren sin fråsegn ble oversendt Tiltakshavar, som i e-post av 28. januar 2022 oversendte ein e-post frå Faun Naturforvaltning AS. Det fylgjer av e-posten at biologane i Faun kan assistere med naudsynt kartlegging.

DMF vurderer at vilkår for ivaretaking raudlista naturtypar og organismar i skogen i sørvestre del av konsesjonsområdet stilles under føresetnad av eventuell kartlegging av slike. Følgeleg vil DMF stille som vilkår at tiltakshavar engasjerer biolog som skal kartlegge førekomsten av dei aktuelle artane. Det vises til Statsforvaltarens fråsegn om at aktuell metode er naturtypekartlegging etter Miljødirektoratet sin instruks (NiN), jf punkt 2.4.2.

Når det gjeld Statsforvaltaren sin fråsegn om *vassdraget* på sørvestsida av konsesjonsområdet, har DMF funne det nødvendig å stille som vilkår at intakt terreng langs vassdraget oppretthaldast, slik at det mot vassdraget held fram med å vere eit vegetasjonsbelte på fem meters bredde. Dette for å oppfylle kravet i vassressurslova § 11 første ledd første punktum om avgrensa naturlig vegetasjonsbelte langs slike vassdrag. Dersom tiltakshavar ønsker å foreta inngrep i kantsona/vegetasjonsbeltet, må det søkast dispensasjon frå Statsforvaltaren, jf. vassressurslova § 11 tredje ledd. For det tilfellet at driftsplanen må endrast vesentleg som følgje av dette, skal oppdatert versjon sendes DMF for godkjenning.

Når det gjeld Statsforvaltarens fråsegn knytt til *framande planteartar*¹ har DMF ikkje funne grunnlag for å stille vilkår i konsesjonsvedtaket for å hindre spreieing av slike. Minerallova § 5 slår fast at tildeling av driftskonsesjon etter minerallova ikkje erstattar krav som følg av anna lovgjeving. Tiltakshavar er dermed pliktig til å følgje de krav som forskrift om framande organismar sett², og DMF forutsett at Tiltakshavar sett seg inn i fråsegna som følgjer av forskrifta. Vi viser i den samanheng særskilt til forskriftas generelle krav til aktsemd i § 18, og forskriftas § 24 (4) om undersøking og egne tiltak for å hindre spreieing av evt. framande organismar før flytting av løsmasser.

DMF viser vidare til at det også etter mineralloven § 48 gjeld ein generell plikt til varsemd for alt arbeid knytt til uttaksverksemd, og som DMF forutsett at Tiltakshavar etterlev;

«Arbeider etter denne lov skal utføres med varsomhet slik at skadene ikke blir større enn nødvendig, og slik at arbeidene ikke fører til unødvendig forurensing eller unødvendig skade på miljø.»

¹ Som f.eks. hagelupin, kanadagullris, vinterkarse, såpeurt og rynkerose

² [Forskrift om fremmede organismer - Lovdata](#)



DMF vurderer at føresegna i mineralloven saman med nemnde forskrift om framande organismar tar hand om Statsforvaltarens fråsegn, og gjer Tiltakshavar tilstrekkeleg ansvarleg. Det er òg vektlagt at det er Miljødirektoratet som er tilsynsmynde etter forskrifta § 30, og at det difor er mest tenleg at dei følg opp om føresegna i forskrifta blir overheld.

Blir det nødvendig å iverksette tiltak for å hindre spreieing av framande organismar, må Tiltakshavar vurderer om dette inneber vesentlege endringar i driftsplanen som krev godkjenning av DMF, jf. vedtaket punkt 2.1, 3 og punkt 5.4.

Etter naturmangfaldlova § 10 skal den samla belastinga på økosystem og naturmangfaldet i regionen vurderast. Det kjem fram av driftsplanens punkt 1.4.2 at uttaket har vært i drift sidan 2004. Videre vises det til dette vedtakets punkt 4 om at kommunen også ønsker at drifta fortsette. Omsynet til økosystemet vil ivaretakast ved de vilkår som er satt. Det er tiltakshavar som skal bere kostnadene av tiltaka, jf. naturmangfaldlova §§ 11 og 12.

DMF forutsett at tiltakshavar etterlev de til ein kvar tids gjeldande krav når det gjeld støv og støy. Tidlegare drift og inngrep i området talar for at framtidig drift ikkje vil være av ein slik art at søknaden bør avvisast av omsyn til dei miljømessige konsekvensane ved utvinning.

DMF har kome til at det ikkje finst avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.8. Tilhøvet til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift

Mineralressursane skal forvalast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

Uttaket er sikra med gjerde rundt uttaksområdet, og med fareskilt. Det er og skilt ved vegen inn til uttaksområdet. Ved behov etablerast det sikringsgjerde ved bratte skrånningar som oppstår under drifta.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.9. Kva tiltaket vil ha å seie for verdiskaping og næringsutvikling

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga pukk til byggeråstoff. Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg.

Dei uttatte massane sorterast og nyttast til mange formål m.a. til veg, kabelsand og tilslag til asfalt. Utvalet varierer med etterspørsel.

5.10. Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området

Etter avslutta drift skal uttaket planerast og såast til landbruksareal for grasproduksjon. Brotveggen i vest skal avsluttast med stabil veggvinkel og sikringshyller, samt ein jordvoll som fyrste barriere.



Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

5.11 Økonomisk sikkerheit

I søknaden om driftskonsesjon har tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelege krava til sikkerheit.

Tiltakshavaren har føreslått at kr. 1,50 per tonn uttatt masse settast til sperra konto.

5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere

Etter DMF si vurdering er tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere ikkje tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.

DMF legg til grunn at størrelsen på den økonomiske sikkerheita må dekke kostnadane ved å engasjere anna part for gjennomføring av avslutningstiltaka ved en eventuell konkurs eller tvangsavslutning. Her består kostnadane mest av utgifter til varig sikring, tilsåing, samt massehandtering og arrondering.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 1 290 000,- for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på sine egne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

5.11.2. Form for sikkerheit

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved bankgaranti og individuell fondsavsetjing til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

Bankgaranti – oppstartsfase

DMF vurderer det som naudsynt at tiltakshavaren, før oppstart av drift, stiller ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 325 000,-. Dette er naudsynt for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Storleiken på bankgarantien er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:



- (i) Etter utløpet av tiltakshavaren sin frist for å utføre naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphøyr eller anna avvikling av tiltakshavaren si verksemd; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått, skal DMF ha rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå tiltakshavaren. Bankgarantien skal stå ved lag så lenge beløpet som står på bankkontoen ikkje har nådd NOK 325 000,-. Når beløpet på bankkontoen har nådd NOK 325 000,-, eller tidlegare etter skriftleg samtykkje frå DMF, fell plikta til bankgaranti bort.

Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga

Deretter skal tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 1 290 000,- er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 2,15 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på 20 år, det vil seie NOK 65 000,- per år. I søknaden er det rekna med eit uttak på 11 000 m³/år, tilsvarande om lag 30 000 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 2,15 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

5.11.3. Rapportering og dokumentasjon

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivast kontoen.

I tillegg finn DMF det naudsynt at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphald.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor naudsynt å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

5.11.4. Justering av sikkerheita

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld



Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekomst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

For overdraging av driftskonsesjonen krevst søknad til og godkjenning frå DMF, jf. minerallova § 45 a.

7. Plikter for tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF. Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

Drifta skal utførast med varsemd

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

Ansaret til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakarar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomsten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

Rapportering

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på dirmin.no.

Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.



8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.

Med helsing

Unni Garberg
seksjonssjef

Trude Aune Sagvik
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar.
Saksbehandlar: Trude Aune Sagvik

Vedlegg:

Vedlegg 1_godkjent konsesjonsområde

Vedlegg 2_godkjent konsesjonsområde ortofoto

Vedlegg 3_godkjent driftsplan

Vedlegg 4_avtale om finansiell sikkerhetsstillelse

Vedlegg 5_påkravsgaranti



Vedlegg 6_pantsettelseserklæring

Mottakere:

Bjarne Lofthus	Kvålsgrend 140 A	3891 Høydalsmo
Kvålsgrend Pukk AS	Kvålsgrend 140 A	3891 HØYDALSMO

Kopi til:

Tokke kommune	Storvegen 60	3880 DALEN
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	Postboks 2076	3103 TØNSBERG
Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet (DSA)	DSA Postboks 329	0213 Oslo
Norges vassdrags- og energidirektorat Region sør	Postboks 2124	3103 TØNSBERG
Mattilsynet	Postboks 383	2381 BRUMUNDDAL
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605 LILLEHAMMER
Vest-Telemark Kraftlag AS		3891 HØYDALSMO
Vestfold og Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702 SKIEN
Fritz Olav Jakobsen	Kvålsgrend 122 A	3891 HØYDALSMO
Magnar Åmot	Kvålsgrend 192	3891 HØYDALSMO
Ivar Åmot	Kvålsgrend 337	3891 HØYDALSMO
Einar Høglid	Lårdalsvegen 479	3891 HØYDALSMO
Ståle Moen Lid	Øyfjellvegen 118	3891 HØYDALSMO
Håvard Jakobsen Ofte	Øyfjellvegen 23	3891 HØYDALSMO
Rebecca E. Norrman Ofte	Øyfjellvegen 23	3891 HØYDALSMO
Liv Nygård	Eidsborgvegen 1275	3891 HØYDALSMO
Leif Torbjørn Rulnes	Dalanvegen 1347	3850 KVITSEID
Otto Eilevstjønn	Damstien 8	3962 STATHELLE
Knut Gustav Skrede	Bergenvegen 14	3802 BØ I TELEMAR
Halvor Aslak Næs	Tørdalsveien 62	3750 DRANGEDAL
Sundsbarv Kraftverk DA	Postboks 80	3901 PORSGRUNN